

Det Kongelige Kommunal – og moderniseringsdepartement
postmottak@kmd.dep.no

Nærbø, 8. mai 2018

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ JÆRMUSEET TIL EKSPERTUTVALET SITT FORSLAG OM REGIONREFORMA

DESENTRALISERING AV OPPGÅVER FRÅ STATEN TIL FYLKESKOMMUNANE

Me viser til epost frå KUD 9.februar 2018 med brev vidaresendt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om

«Høring av rapport fra ekspertutvalget som har vurdert nye oppgaver til fylkeskommunene».

Jærmuseet si høyringsfråsegn konsentrerer seg om kap. V, Kultur og kulturminnevern, og vil særleg kommentera forslaget om å overføra forvaltninga av musea til fylkeskommunane.

Tilliks med dei fleste andre museum, opplever Jærmuseet at forslaget frå ekspertutvalet riv grunnen under museumsreforma og den positive utviklinga museumssektoren har hatt på 2000-talet.

Ekspertutvalet si samansetting er prega av eit fokus på forvaltning og styring. Når det gjeld museumssektoren er det lite som tyder på at utvalet har særleg kunnskap om dette feltet; det er for eksempel ingen referansar til *St.meld. nr 22 (1999-2000)*, *Kjelder til kunnskap og oppleving*, eller *St.meld. 49 (2008-2009)*, *Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling og fornying*.

Innfallsvinkelen til utvalet, og synet på kva ansvarsområde, tema og ressursar som kan flyttast, er såleis prega av ei teknisk og funksjonell tilnærming, utan ein analyse av koss dei ulike sektorane fungerer i dag.

Musea si samfunnsrolle, kvalitet og kritikk

I internasjonal samanheng er forholdet mellom museum og styresmakter i Norge i dag på mange måtar eineståande. Statlege styringssignal forventar at musea skal spela ei aktiv og kristisk samfunnsrolle.

Musea er eksplisitt tildelt stor fagleg fridom til sjølve å definera og avgrensa kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Prinsippet om armlengdes avstand garanterer musea sin rett og plikt til å vera kritiske til styresmakter og maktapparat på ulike forvaltningsnivå. Dette er avgjerande for at musea skal utøva samfunnsrolla si, og gi sine bidrag til ei velfungerande kritisk offentlegheit. Denne uavhengige posisjonen er viktig for at musea skal kunna utføra samfunnsoppdraget sitt, og fylla ei rolle som premissleverandørar

Jærmuseet

Besøk: Kviavegen 99, Nærbø
Post: Postboks 250 • 4367 Nærbø
Telefon: +47 47 77 60 20
E-post: post@jaermuseet.no

Våre anlegg

Vitengarden, Vitenfabrikken, Garborgsenteret,
Garborgheimen, Knudaheio, Tungenes Fyr, Flyhistorisk
Museum Sola, Grødalaland, Vistnestunet, Haugabakka,
Limagarden, Rogaland Krigshistoriske Museum, Varden
Sjøredningsmuseum, Science Circus

jaermuseet.no Org. nr.: NO 971 098 767

for offentlig diskusjon, jfr. St.mld. 49 (2008-2009) Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling og fornying, s. 145.

Det er avgjerende at dette skjer på fritt grunnlag, utan ekstern styring og med armlengdes avstand til bevilgande myndigheiter.

Museumsreforma – koordinering av musea på eit nasjonalt nivå

Ekspertutvalet foreslår å overføra finanseringsansvaret for fleirtalet av musea frå stat til fylkeskommune, noko som fører med seg ei betydeleg endring i det nasjonale ansvaret for musea. Grunngevinga for dette skal visstnok vera at de fleste musea berre har eit lokalt eller regionalt nedslagsfelt.

Dette vitnar om at ekspertutvalet har mangelfull kunnskap om det norske museumslandskapet, museumsreforma og utviklinga av museumssektoren på 2000-talet.

Ein sentral ide bak museumsreforma er at Norge skal ha eit samla nasjonalt museumslandskap som utgjer kjernen i langsiktig bevaring og formidling av kulturarven. Det inneber m.a. eit nasjonalt (over)blikk og mulegheiter til å koordinera samlingar og dokumentasjon på eit nasjonalt nivå. Kulturarven er vår felles kollektive minne. Ansvar for innsamling, bevaring og formidling av vår felles kulturarv krev overordna nasjonal styring. Mange museum har samlingar som er unike, ikkje berre i ein lokal/regional samanheng, men i eit nasjonalt perspektiv.

For Jærmuseet sin del vil me m.a. peika på at museet sit med den største museumssamlinga i landet av reiskap og maskinar som dokumenterer utviklinga av det mekaniserte og maskinelle landbruket i Norge, og som såleis har nasjonal verdi. Det same gjeld museet sine samlingar av sykklar, motorsyklar/mopedar og potteri/ fajanse/porselen. Me snakkar ikkje berre om gjenstandar, men og om betydelege samlingar av privatarkiv, foto og anna dokumentasjonsmateriale.

Dei siste 15 åra har Norsk Museumsutvikling, seinare ABM-utvikling og i dag museumsseksjonen i Norsk kulturråd, hatt eit tydeleg og målretta fokus på kontinuerlig fagleg utvikling. Fagleg utviklingsarbeid gjennom prosjekt, utviklingsmidlar og ikkje minst samarbeidet i dei faglege museumsnettverka, der museum frå ulike stader i landet samarbeider om faglege tema, har vore avgjerande for kvalitetshevinga i sektoren. Den foreslåtte regionaliseringa av museumsvesenet kan lett pulverisera det gode samarbeidet på tvers av fylkesgrensene.

Eit sentralt element i museumsreforma var å skapa større og sterkare faglege einingar, og bidra til profesjonalisering og kompetanseheving.

Musea har også sjølve bidrege til denne utviklinga, gjennom t.d. å gå saman om eigarskap til datafirmaet KulturIT. Her samarbeider dei større musea og staten om oppbygging av digital forvaltningskompetanse og formidling av museumssamlingane på internett.

Denne profesjonaliseringa ser ein nå resultata av, og det undrar oss at eit statleg utval ønskjer å reversera ei utvikling og ein struktur som har vist seg svært tenleg for sektoren.

Finansiering og økonomiske konsekvensar

Museumsreforma betydde eit sterkt økonomisk løft for museumssektoren. Ein klar nasjonal museumsstrategi, med vilje og evne til å løfta ein samla museumsektor, resulterte i fleire hundre friske millionar kroner til musea i heile landet. Dette var samtidig eit incitament til

regionale og lokale forvaltningsnivå til å auka sine økonomiske bidrag. Eit slikt løft av ein samla sektor ville neppe vore muleg om hovudansvaret for forvaltninga skulle lege på eit regionalt nivå.

Sjølv om statsbudsjetta dei siste åra ikkje ber bod om yttarlegare styrking av sektoren i nær framtid, vil mulegheitene for framtidige felles satsingar forvitra med den føreslegne nyorganiseringa.

Det undrar oss dessutan at ekspertutvalet ikkje har komme med nokon analyse av kva ei overføring av forvaltningsansvaret til fylkeskommunane vil kosta. I dag ligg sakshandsaminga av musea i museumsseksjonen i Norsk Kulturråd, og tel ca 10 stk, som har kompetanse på ulike arbeidsområde, og eit nasjonalt overblikk over sektoren. Gjennom konsolideringane er Kulturdepartementet sin museumsportefølje i dag redusert til 63 institusjonar, slett ikkje noka uhandterleg gruppe. Dersom denne sakshandsaminga nå skal overførast til 10 regionar, kan dette neppe innebera nokon effektiviseringsgevinst, snarare det motsette, ved at det må byggast opp parallell kompetanse i regionane.

Dersom det heller ikkje følgjer med statlege meirtilskot til sektoren, og sterke statlege øyremerkingar, er det god grunn til å frykta at delar av museumsmidlane vil forsvinna inn i eigen fylkeskommunal administrasjon. Det er dessutan ikkje ukjent at ikkje-lovpålagde oppgåver, som musea, i den politiske behandlinga lett vil tapa i ressursfordelinga ovanfor dei «tunge» sektorane. Ein samla statleg museumspolitik, der staten sit med det overordna forvaltnings- finansieringsansvaret, vil i sterkare grad motverke desse tendensane.

Evaluering av Museumsreforma

I 2017 vedtok Stortinget å gjera ei vurdering av museumsreforma og synleggjera framtidsutfordringane i eit heilskapleg museumstilbod. (Dokument 8:13 S (2016–2017), Vedtak 486.) Me forventar at denne evalueringa blir slutført før forslaget om overføring av ansvaret for musea til fylkeskommunane blir behandla i Stortinget. Me forventar vidare at det blir sørga for ei *grundig konsekvensutgreiing* av kva ekspertutvalet sitt forslag vil innebera for musea.

Forholdet mellom forvaltningsnivåa

Jærmuseet, som dei fleste musea i dag, har finansiering frå, og forhold seg til, dei tre administrative nivåa stat, fylkeskommune, kommunar.

Denne tredelinga er ein god og tenleg struktur som gir støtte, forankring og engasjement på ulike forvaltningsnivå.

Dagen struktur hindrar dessutan ikkje samarbeid mellom musea på regionalt nivå, og fylkeskommunane står fritt til å initiera fellesprosjekt ut frå eigne strategiske målsettingar. Eit godt døme på dette er samarbeidet mellom fylkeskommunen og musea i Rogaland om felles regionalt samlingsforvaltningsteam og felles planarbeid vedk. samlingsforvaltning.

Me vil elles peika på at for Jærmuseet sitt vedkommande er forholdet til stiftarkommunane vel så sentralt som forholdet til fylkeskommunen. Det samla kommunale bidraget er større enn det fylkeskommunale, og dei fleste av dei anlegga og samlingane Jærmuseet forvaltar er i kommunal eige. Dette gjenspeglar seg også i styresamansettinga, der stiftarkommunane utgjer fleirtalet i styret.

For oss er tilhøvet til kommunale strategiar og planar vel så viktig som det regionale nivået. Alle museumsanlegg ligg i ein kommune, og er møteplassar i lokalsamfunnet. Musea utgjer såleis ein viktig del av den kulturelle grunnmuren. Ei forskyving av ansvarsdelinga og balansen mellom forvaltningsnivåa vil etter vårt syn svekka denne lokale forankringa.

Eit overordna statleg tilskotsansvar, og eit eige statleg forvaltningsorgan som Kulturrådet, hindrar ikkje at musea vil kunna spela ei enda sterkare rolle i både regionale og lokale strategiar med tanke på reiseliv, næringsutvikling etc. Heller vil eit samla statleg ansvar kunna sikra at musea får større armslag og styrke til å fylla desse regionale og lokale rollene. Eit godt samspel mellom kommunar, fylkeskommunar og stat vil og i framtida gi dei beste vilkåra for å utvikla musea som viktige og sentrale samfunnsaktørar.

Me viser og til at jærkommunane, som står bak Jærmuseet, i sine høyringsfråsegner deler museet sin skepsis til å overføre ansvaret for musea til fylkeskommunane. Dei peikar på at regionreforma kan riva grunnen under det gode arbeidet og den positive utviklinga på museumsfeltet dei siste 15 åra. Kommunane peikar og på at dei ikkje kan sjå at ekspertutvalet sitt forslaget vil innebera nokon effektivisering eller bidra til betre offentleg forvaltning på kultur- og museumsområdet.

Nærbø, 8. mai 2018

Målfrid Snørteland
Direktør